



**Statens vegvesen**  
Møre og Romsdal  
vegkontor

HOVUDARKIV: 46.063.01  
OPPDRAG: Nr LT 96.035  
LAB.ARKIV: RV 63 HP 01  
KOMMUNE:  
KARTREFERANSE:

TITTEL: **JORD- OG STEINRAS CA KM 14,050**

SAKSBEHANDLAR: Overingeniør Kåre Ingolf Karlson

RAPPORT NR.

KONTAKT: Trafikksjef A. Johnsen, oppsynsmann A. Kleppe

1

| DATO:     | 1996-06-04 | SENDT TIL | Vsj. | PEB | AJO | SVE | AKL |  | Lab. |
|-----------|------------|-----------|------|-----|-----|-----|-----|--|------|
| VÅR REF.: | KIK/HMO    | EKSEMPLAR |      | 1   | 1   | 1   | 1   |  | 2    |

LABORATORIESEKSJONEN:

*B. Wivestad*

Hausten 1995 gjekk eit jord- og steinras oppblanda med mykje vatn over rv. 63/01 ved ca. km 14,05 i Opplendskedal. Vegen over Geirangerfjellet vart då stengd for vinteren. I vår gjekk eit tilsvarande ras på same staden.

Rasmassane består mest av småstein, jord og vatn med nokre større steinar. Oppe i den bratte fjellsida fleire hundre meter over vegen, er det fleire spor etter mindre steinsprang og ras. Ein del av rasmassane hamnar i ein botn der dei truleg delvis demmer opp ei elv, sjå øvste biletet i vedlegg 1. Terrenget er slik forma at botnen samlar forvitningsmasse frå eit relativt breitt område i fjellsida. I periodar med mykje nedbør/snøsmelting fører truleg rasmassane til at elva blir demt opp ein del før "demninga" brest og gir ras. Rasa har kome etter eit bekkeløp som lengst ned mot vegen er relativt nytt, sjå nedste biletet i vedlegg 1.

På grunn av vanskeleg tilkomst, er det lite aktuelt å gjere tiltak oppe i botnen i den bratte fjellsida. Det er derfor grunn til å frykte at det kan kome nye jord- og steinras frå same staden. Den mest aktuelle sikringa synest å vere eit magasin ved riksvegen med ein voll nærast vegen bygd slik at det er høve til å tømme magasinet. Ein vil oppnå eit lite magasin med å grave grøfta heilt ut til fjelloverflata, men det vil vere nødvendig å sprengje ut ein del fjell for å få eit tilstrekkeleg stort magasin. Grøfta nedanfor magasinet må vere i stand til å ta i mot mykje vatn. Biletet i vedlegg 2 viser kor magasinet må byggjast. Det synest ikkje nødvendig å kombinere magasin/voll med steinsprangnett fordi det aller meste kjem rullande eller "flytande" i mykje vatn.

Ein kan risikere at bekken/rasløpet igjen tek nytt løp.



Ras- og forvitningsmassar hamnar i ein botn som truleg demmer opp elva. Botnen kan sjåast midt på biletet.



Raset har kome i eit bekkeløp som lengst ned mot vegen er relativt nytt.



Beste sikringa er å byggje eit magasin med voll nærast riksvegen kombinert med god grøft nedafor magasinet. Magasinet må eventuelt byggjast i området frå fareskiltet og oppover.